

**Vedlegg til sak:****Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune.****Saksutgreiing for Skorgeelva kraftverk i Gloppen.****1. Omtale av tiltaket.**

Skorgeelva kjem frå Sørstrandsfjella nordvest for Sandane og har utløp i Gloppefjorden. Elva fell bratt frå fjellet ned til ca. 600 moh der landskapet går over i ein myrlendt landskapstype. Elva renn roleg i svingar ned mot og forbi Sandstøylen, før den hundre meter lengre framme går i små fossar og stryk ned til fjorden. Det er dette fallet som er tenkt utnytta til kraftproduksjon. Tiltaksområdet ligg like sør for det tildekkja deponiområdet Ivahola (Nomil). Det går veg frå fylkesvegen ved fjorden og opp til deponiet på kote 177. Frå Rauset går det veg opp til Sandstøylen like ovanfor det planlagde inntaket. Ei 22 kV kraftlinje går langs fylkesvegen utover til Hestenesøyra. Ei 66 kV linje mellom Sandane og Øksenelvane/Ålfoten passerer i lia ovanfor Sandstøylen. Søkjar er Skorgeelva Kraft AS som er eigd av grunneigarar/fallrettseigarar.

Skorgeelva kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km2	3,4
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,317
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	15
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	22
Fem-persentil* vinter, liter/sek	13
Restvassføring liter/sek **	40
Kraftverk	
Inntak, kote	410
Avløp, kote	4
Lengde påvirka elvestrekning, km	1,6
Brutto fallhøgde, meter	406
Slukeevne, maks m3/sek	0,872
Slukeevne, min m3/sek	0,020
Installert effekt, maks MW	3
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	16/16
Brukstdid, timer	2230
Produksjon	
Årleg middel, GWh	7,05
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	28,8
Utbyggingspris, kr/kWh	4,10

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

** Middelvassføring frå restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen.



Ved inntaket skal det byggast ein betongdam med høgde ca. 2 meter. Neddemt areal vil bli ca. 500 m² og volum ca. 800 m³. Rørgate, 1360 meter, vil bli nedgravd eller nedsprenget langs nordsida til elva. Fleire bratte parti må forserast. Vegen opp til det nedlagde deponiet vil bli brukt i arbeidet. Rørgata vil krysse denne vegen to gangar og må også krysse fylkesvegen. Kraftstasjon med grunnflate ca. 50 m² er tenkt plassert nedanfor fylkesvegen. Det må byggast ca. 30 meter veg frå stølsvegen og ned til inntaket og avkjørsle frå fylkesvegen og ned til kraftstasjonstomta ved fjorden. Det skal leggast ein kort jordkabel til nærmeste stolpepunkt i 22 kV linja langs fjorden.



Skorgeelva kraftverk



Venstre: Inntaksområdet. Høgre: Elva sitt utløp i fjorden.



Venstre: Vetlebrattstigen. Høgre: Kraftstasjonen er tenkt plassert på neset nær kraftlinja.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tilsiget frå restfeltet (mellan inntaket og kraftstasjonen) er berekna til 40 liter/sek i middel like ovanfor den planlagde kraftstasjonen. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 83 dagar. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 16 liter/sek frå inntaket heile året. Dette tilsvarer om lag alminneleg lågvassføring som er 15 liter/sek.

Vass temperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er ikkje venta nemnande negative konsekvensar av aktuelle inngrep.

Konsekvensvurdering for biologisk mangfald er utført av Rådgivende Biologer AS, des. 2012.

Raudlistearter, sitat s. 5 i rapport

Skorpefiltlav (NT) er registrert på osp nord for Skorgeelva, i området for planlagt rørgate. I tillegg er elva en sannsynlig hekkelokalitet for fossekall på Bern liste II. Den planlagte rørgaten vil medføre hogst i området der skorpefiltlav ble registrert. Den reduserte vannføringen vil være litt negativ for fossekall. Tiltaket vurderes å ha middels til stor negativ virkning for rødlisterarter.

Vurdering: Middels verdi og middels til stor negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--).

Terrestrisk miljø, sitat s. 6 i rapport

Temaet terrestrisk miljø er samlet sett vurdert til middels verdi. Virkningen av tiltaket vurderes å være middels negativ for verdifulle naturtyper, middels negativ for karplanter, moser og lav og liten negativ for fugl og pattedyr. Dette gir middels negativ virkning for terrestrisk miljø.

Vurdering: Middels verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--)

Akvatisk miljø, sitat s. 6 i rapport

Tiltaket medfører at vannføringen i elva fra planlagt inntak og ned til utløpet blir betydelig redusert. Den reduserte vannføringen kan medføre at forurensingen fra den nedlagte avfallsplassen får noe større negativ virkning på det biologiske mangfoldet langs elva. Redusert vannføring i sommersesongen vil gi noe redusert produksjon og kan gi noe endret artssammensetning av bunndyr på berørt strekning. Tiltaket vurderes samlet å ha middels negativ virkning på akvatisk miljø.

Vurdering: Liten til middels verdi og middels negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-)



Absolutt vandringshinder ovanfor fylkesvegen.

Landskap

Konsekvensvurdering: Ubetydeleg konsekvens.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 33 og i søkn.

Det er ikkje registrert treff på SEFRAK-bygninga i området, ei heller på andre freda kulturminner og kulturmiljø. Viktige kulturlandskap eller gamle stiar, vegfar, steingjerder eller liknande finn ein heller ikkje i tiltaksområdet. Følgande kan nemnast: «Russehol» (ein lokal attraksjon; ein gøynde unna fire russiske fangar som hadde rømt frå ein fangeleir på Sandane under 2. verdskrigen, i ei berghole

nedanfor Veslebrattstigen nordvest for elveløpet) ligg i nærleiken av tiltakssona, men kjem ikkje direkte i kontakt med anleggsområdet. I influensområdet, nærmare bestemt på og rundt stølsvollen finst det uerstatlege kulturverdiar, men desse vil ikkje bli røyvde.

Konsekvensvurdering: Ingen.

Brukarinteresser/friluftsliv, sitat side 33-34 i søkn.

Sjølv om brukarinteressene i tiltaksområdet for Skorgeelva kraftverk er så godt som fråverande, er dei samme interessene i influensområdet tilsvarende store. Støylen og fjellområda rundt, her er mange fritidshytter i området utanfor sjølve stølsvollen med dei gamle sela, er aktivt i bruk. Frå stien ned til den nemnde Russeholha vil ein kunne sjå rørgatetraseen. Dette vil naturlegvis virke forstyrrende i anleggstida. Med unntak av dette irritasjonsmomentet vil tiltaket berre i liten grad ha innverknad på friluftsinteressene i området. Minka vassføring vil visuelt sett vere negativ akkurat i denne lokaliteten. Tiltaksområdet er ellers ikkje eit område for alminneleg ferdsel. Det året ein bygger kraftverket vil ein i tiltakssona sannsynlegvis oppleve jaktterrenget for hjort noko redusert på grunn av støy og anleggsvirksemnd, men brukarane her er langt på veg dei samme som vil bygge kraftverket. Området vil også midlertidig vere noko redusert med tanke på sinking av bær og sopp. I driftsfasen, og etter at inngrepspunkta er revegetert, vil tiltaket ha lite og sei for jakta. Plukking av bær og sopp har lite omfang i tiltakssona, tiltaket vil difor ha liten innverknad på slikt.

Konsekvensvurdering: Ubetydeleg konsekvens.

Samfunnsmessige verknader

Aktuell investering er kalkulert til 28,8 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggjarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 4,10 kr/kWh, som er litt over middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 36 i søkn.

Delar av fjellområda i Gloppen kommune er omfatta av landskapsvern etter naturvernlova, men ikkje den lokaliteten Skorgeelva kraftverk utgjer, verken som influens- eller tiltaksområde. På bakgrunn av dette heilsaksbildet vurderer vi at eit kraftverk i Skorgeelva berre i liten grad vil røyve eller forringe brukar- og/eller andre interesser som er knytta til dette vassdraget og dei tilstøtande områda i Gloppen kommune. Netto bortfall av INON er 0,0 km². Verneområda i fjellet lengre unna, både i sør-, aust- og vest, vil forhindre ein omfattande arealnedbygging. Dei aktuelle areala i influensområdet er relativt godt egna til jakt, sinking av sopp og bær og anna friluftsliv, men med tanke på tiltaksområdet finns det fleire og betre utfartsalternativ, områder som har minst like gode kvalitetar og samtidig betre tilkomst. Også dei landskapsmessige inngrepa vil vere beskjedne, og av lokal karakter, fordi landskapsrommet langs den berørte delen av Skorgeelva ligg avskjerma til. Av omsyn til biologisk mangfold og førekommstar av rødlisteartar vurderer vi tiltakssona langs Skorgeelva å representere eit gjennomsnitt for regionen.

Avbøtande tiltak

Det er lagt opp til å sleppe minstevassføring frå inntaket 16 liter/sek heile året. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring som er 15 liter/sek.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 7 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 28,8 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 4,10 kr/kWh, som er litt meir enn middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, nedgravd/nedsprengt rørgate, kraftstasjon ved fjorden og redusert vassføring i Skorgeelva over ei 1,6 km lang strekning.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Skorgeelva ligg i fjordlandskap, men her er ikkje fossar som er markerte som viktige landskaps-element, jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Den nederste delen av elva er synleg frå fylkesvegen og frå fjorden. Elles er elva lite synleg frå fjorden og frå busetnaden på nordsida. Det er foreslått 16 liter/sek minstevassføring heile året. Fylkesrådmannen meiner at dette er for lite og at det minst må sleppast minstevassføring om sommaren tilsvarende 5-persentil, som er 22 liter/sek. Av søknaden går det ikkje klart fram om avløpet frå kraftstasjonen skal gå direkte til fjorden eller tilbake til elva. Fylkesrådmannen meiner at kraftstasjonen bør plasserast nært opp til vegskråninga og at avløpet går tilbake til elva.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom det vert gjeve løyve til utbygging, slik at viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at

kulturminna kan takast vare på. Det må ikke gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegr, stein-gardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegr er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikke oppfylt. Det er dermed ikke klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare forminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra.

Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til evet. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggsvirksemnd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små til moderate ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa bør aukast til minst 5-persentil om sommaren. Av søknaden går det ikke klart fram om avløpet frå kraftstasjonen skal gå direkte til fjorden eller tilbake til elva. Fylkesrådmannen meiner at kraftstasjonen bør plasserast nært opp til vegskråninga og at avløpet går tilbake til elva. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.